



DET KONGELIGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Deres ref	Vår ref	Dato
14/2588	14/931-	28.08.2014

Høyringsvar - Forslag til endring i lov om stadsnavn - stadnamnlova

Vi viser til høringsbrev av 2. juni 2014. Landbruks- og matdepartementet er einig i at allmennforståinga av ordet gard og gardsbruk kan komplisere forståinga av termane gardsnamn og bruksnamn, slik dei er definerte i lov om stadnamn.

Orda gardsbruk og bruk blir ofte brukt om kvarandre i daglegtale. I landbruket vil ein ofte forbinde ordet bruk med ein verksemd som driv aktiv jordbruksdrift, medrekna hagebruk og husdyrhald. I 2012 var det registrert 44 794 slike bruk. Disse bruka eller gardsbruka omtales også som jordbruksbedrifter.

Eit anna ord som blir brukt om bruk eller gardsbruk er landbrukseigedom. Denne termen kan m.a. brukast for å forklare typen eigedom det gjeld, for å skilje ein landbrukseigedom frå andre typar av eigedommar (bustad, forretning etc.). Den blir også brukt om eigedom der eigaren ikkje driv aktiv landbruksdrift eller eigedom som manglar busetnad. Ein grunneigar kan eige fleire gards- og bruksnummer som inngår i ein landbrukseigedom. I 2012 var det registrert om lag 186 700 landbrukseigedommar i Landbruksregisteret.

Jordlova (LOV-1995-05-12-23) har reglar om deling av landbrukseigedom. Føresegna om deling gjelder utan omsyn til om eigdommen består av fleire ”registernemningar” (gards- og bruksnummer), jf. jordloven § 12 sjetteddele. Vilkåra er at dei forskjellige delane er på ”same eigarhand” og etter departementets skjønn ”må reknast som ei driftseining”.

I endringsframlegget til § 2 bokstav c er definisjonen av bruksnamn foreslått endra frå ”namn på eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer” til å omfatte ”namn på gardsbruk eller eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller

festenummer under eit gardsnummer”. Landbruks- og matdepartementet viser til at ein landbrukseigedom kan bestå av fleire gards- og bruksnummer. Definisjonen i § 2 bokstav c dekker difor ikkje realiteten av kva som kan reknast som ein landbrukseigedom i dag. I teorien kan det tenkast fleire gardsnamn eller bruksnamn knytt til same landbrukseigedom der eigedommen består av fleire gards- og bruksnummer. Ein kan ikkje sjå at dette er vurdert eller kommentert i høyringsnotatet.

Med hilsen

Anna Berg (e.f.)
avdelingsdirektør

Sjurd Tveit
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer